



...
Aker Maritime- Aker Stord AS
5400 STORD

AKER STORD AS SITT INDUSTRIOMRÅDE UTSLEPPSLØYVE FOR SANITÆRT AVLØPSVATN

Fylkesmannen viser til brev av 04.12.98 og til Dykkar uttale datert 12.02.99.

Utsleppsløyve

Med heimel i § 18, første ledd pkt. 6 og andre ledd, jf. §16 i Lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) av 13. mars 1981, endrar fylkesmannen i Hordaland gjeldande utsleppsløyve for utslepp av sanitæravløpsvatn frå Aker Stord AS sitt industri-område. Samstundes vert løyve overført frå Stord kommune til Aker Maritime Aker Stord AS.

Løyve omfatta følgjande 2 utslepp;

- Eldøyane: 1000 PE
- Kjøtteinståa: 800 PE

Dette løyvet erstattar tidlegare løyve gjeve til Stord kommune datert 04.10.1985.

1. Særskilde vilkår for utsleppsløyve

- 1.1 Løyvet gjeld berre utslepp av sanitæravløpsvatn.
- 1.2 Alt sanitæravløpsvatn skal gjennomgå mekanisk reinsing, slamavskiljarar eller sil med spalteopning på 1mm eller mindre. Reinseanlegga skal halde tilbake ein slammengde tilsvarande 50 g slam pr. pe og døgn med 20 % TS.
- 1.3 Overflatevatn skal ikkje førast til reinseanlegget.
- 1.4 Reinseanlegget skal ha alarm som varslar driftsstans.
- 1.5 Olje-og bensinhaldig avløpsvatn skal passere olje-og besinavkiljarar før vatnet vert leia til reinseanlegga. Det vert vist til forskrift om utslipp av oljeholdig avløpsvann og om bruk av merking av vaske- og avfettingsmidler, fastsett av Miljøverndepartementet 01.10.1983.
- 1.6 Feitthaldig avløpsvatn, f eks frå storkjøkken, skal passere feittavkiljar før det vert leia til reinseanlegga.

- 1.7 Slam og ristgods frå reinseanlegga skal transporterast til godkjent slamhandteringsanlegg.
- 1.8 Dersom tilført mengde utslepp overstig kravet til dimensjonering, krev dette nytt separat løyve, jf § 18 i forureiningslova.

2. Utsleppsleidningar og leidningsnett

- 2.1 Reinsa avløpsvatn skal førast til eksisterande utsleppsleidningar på min. 25 m djupn i Bømlafjorden/Husnesfjorden.
- 2.2 Utsleppsleidningane skal til ei kvar tid vere fullt neddykka. Leidningar skal liggje frostfritt og forankrast forsvarleg.
- 2.3 Utsleppsleidningane skal vere forsynt med utsleppskum for lufting, spyling, staking og kontroll av utsleppa.
- 2.4 Dersom det på grunn av sedimentert avfall frå utsleppsleidningane er nødvendig med mudring, må dette kostast av anleggseigar.
- 2.5 Leidningsnettet skal utgjere eit varig og vasstett system, slik at verken inn- eller utlekking skjer.

3. Krav til drift, vedlikehald og kontroll

- 3.1 Aker Maritime Aker Stord AS er ansvarleg for drift og vedlikehald av avløpsanlegga. Driftoperatøren til reinseanlegga skal ha tilfredsstillande kjennskap til drift og vedlikehald av slike anlegg.
- 3.2 Det skal liggje føre instruks for drift og vedlikehald av anlegga.
- 3.3 Silanlegget sin reinseeffekt skal kontrollerast ved registrering (veging) av utteke mengde silgods over året, samt minst to årlege analysar av tørrstoffinnhaldet i slammet. Det skal dessutan takast minst 4 analysar av sedimenterbart stoff pr år av utløpsvatnet (Imhoff-test).
- 3.4 Kammergjennomføringane i slamavskiljar og tilløps- og avløpsleidning skal kontrollerast og evt. reingjerast ved tømning. Det skal førast journal ved tilsyn.

4. Internkontroll

I samsvar med internkontrollforskrifta fastsett ved kgl. res. 6. desember 1996, med iverksetjing 1. januar 1997, pliktar verksemda å utarbeide interkontroll for si verksemd for m.a. å sikre at krava i dette utsleppsløyvet vert stetta. I dette ligg det m.a. ei plikt til så langt som mogeleg å søkje å hindre unormale driftstilhøve som kan gje auka utslepp.

Generelle vilkår

1. Eigen kontroll og ansvar

Aker Maritime - Aker Stord AS pliktar gjennom instruksar, kontroll og andre tiltak å sørge for at drifta av anlegga skjer slik at ulemper og skadevirkningar til ei kvar tid vert minst mogeleg. Avløpssystemet skal utformast og vedlikehaldast slik at anlegget fungerer etter sin hensikt.

2. Inspeksjon og varsling

Aker Maritime - Aker Stord AS pliktar å la representantar frå miljøstyresmaktene eller andre etatar dei gjev mynde å inspisere anlegget til einkvar tid, jf § 50 i forureiningslova.

Unormale tilstandar ved anlegga, kollaps eller driftsstans, skal varslast til fylkesmannen dersom dette gjev unormalt store utslepp.

3. Forureiningsgebyr

I medhald av § 73 i forureiningslova kan det illeggjast forureiningsgebyr for tiltak som ikkje er utført.

Brudd på vilkåra i løyvet kan medføre straff ism kap. 10 i forureiningslova.

Utsleppsløyvet fritar ikkje kommunen for plikt til å betale erstatning etter gjeldande erstatningsreglar, jf forureiningslova § 10, 2. ledd.

4. Endring og omgjering av utsleppsløyve

I medhald av § 18 i forureiningslova, kan fylkesmannen oppheve eller endre krava i utsleppsløyvet eller gje nye krav. Fylkesmannen kan og, om nødvendig kalle utsleppsløyvet attende dersom føresetnadene i § 18 tilseier det.

Uttaleinstans

Utkast til utsleppsløyve for sanitært avløpsvatn datert 04.12.98 har vore til uttale i Stord kommune. Kommunen har ikkje merknader til løyve eller at løyvet vert overført til Aker Maritime – Aker Stord AS, jf. brev datert 24.03.99.

Kommunen finn det naturleg at ved større avvik i utsleppa at kommunen i tillegg til fylkesmannen vert varsla, jf. pkt. 3 i løyvet.

Grunngjeving for endring av utsleppsløyvet

Løyve etter forureiningslova skal som hovudregel gjevast til den som står nærast drifta. I høve til forskrift om internkontroll har den som er ansvarleg for verksemda eit særleg ansvar for å sjå til at verksemda sine aktivitetar vert utført i samsvar med dei krav som er sett i løyvet. Den som formelt har løyvet har og ansvaret. Dette ansvaret kan ikkje delegerast. Ved at andre enn driftsansvarleg innehar løyvet, vil ansvaret for å stette krava i løyvet liggje på ein part som i praksis ikkje er kjent med drifta av avløpsanlegga. Dette kan føre til uklare ansvarstilhøve.

Fylkesmannen gav i 04.10.1985 løyve til utslepp av sanitært avløpsvatn frå Aker Stord A/S sitt industriområde. Løyve vart gjeve til Stord kommune som vertskommune. Fylkesmannen har no revidert gjeldande utsleppsløyve og har samstundes på bakgrunn av ovannemnde overført løyve til Aker Maritime - Aker Stord AS.

Resipienten for utsleppa er Bømlafjorden/Husnesfjorden. Resipienttilhøva vert rekna til å vere gode. Ut frå ei vurdering av tilhøva til resipienten meiner fylkesmannen at mekanisk reinsing av avløpsvatnet og med eit utsleppsdjup på minimum 25 meter vil ivareta dei interessene som er knytt til resipienten.

I følgje kommunedelplan for avløp, 1998-2009 skal Stord kommune i år 2000 gjennomføre resipientgranskningar både for ferskvassresipientar og sjøresipientar med tilførsle av avløpsvatn. Aker Maritime - Aker Stord AS bør inngå eit samarbeid med Stord kommune når det gjeld felles resipient for mottak av avløpsvatn.

Dersom anlegga vert drive i samsvar med dei krav som er sett i dette utsleppsløyvet, reknar fylkesmannen med at utsleppa ikkje vil føra med seg skadeleg forureining.


Fylkesmannen har sett krav om at reinseanlegga skal halde tilbake ein slammengde tilsvarende 50 g slam pr. pe og døgn med 20 % TS. Kravet blir ikkje gjort før eksisterande silanlegg må skiftast ut på grunn av elde eller andre grunnar.

Klagefrist

Utsleppsløyvet kan påklagast til Statens forureiningstilsyn innan 3 veker frå denne melding er motteke, jf § 28 i forvaltningslova. Klagen skal vere grunngjeven og skal sendast fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga innan fristen går ut.



Kjell Kvingedal e.f.
seksjonsleiar



Sissel Storebø
avd.ing.

Kopi til:

Stord kommune, Kommunalteknisk eining, Postboks 314, 5401 Stord